



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Finansdepartementet
Postboks 8008 DEP
0030 OSLO

Dykkar ref.
13/42

Vår ref.
14/2008 - EME

Dato
21.5.2014

Høyring – utkast til forskrifter til tenestepensjonslova og om utbetalingsprofil

Vi viser til brev frå Finansdepartementet av 24.3.2014 i saka.

Justis- og beredskapsdepartementet har følgjande merknader:


I utkastet til § 1 fyrste punktum bokstav c i forskrifta om tenestepensjon er det sagt at det kan takast ut ved fylte 55 år for «Redningsmenn på helikoptre som tjenestegjør på oljeinstallasjon til havs.» Slik denne setninga no er utforma, viser «tjenestegjør» tilbake på helikoptra. Dersom det har vore meininga å vise tilbake på redningspersonellet, bør det i staden heite «Redningspersonell som tjenestegjør på helikoptre på oljeinstallasjon til havs.» I alle tilfelle bør det kjønnsnøytrale ordet «redningspersonell» nyttast. I § 1 andre punktum kan språket forenklast, og det kan då heite «Andre flybesetningsmedlemmer enn piloter kan ta ut alderspensjon ved fylte 60 år.»

I utkastet til tenestepensjonsforskrifta § 2 tredje ledd og ny § 7-1 tredje ledd i forskrifta til føretakspensjonslova er det sagt at den tekniske renta ikkje kan vera høgare enn den avkastingsprosenten som følgjer av tenestepensjonslova § 5-7 andre ledd eller forskrifta fastsett med heimel i «denne bestemmelsen». Dette skapar ein noko uklar ordlyd, og føresegnene kan i staden formulerast slik: «Den tekniske renten kan ikke overstige den årlige avkastingsprosent som følger av tjenestepensjonsloven § 5-7 annet ledd første eller annet punktum eller forskrift fastsatt med hjemmel i tjenestepensjonsloven § 5-7 annet ledd tredje punktum.»


Det følgjer av utkastet at forskrifta til føretakspensjonslova skal få eit nytt kapittel 7, medan noverande kapittel 6 skal bli nytt kapittel 8. Vi kan ikkje sjå at det er sagt noko

om kvifor forskrifta ikkje lengre skal ha eit kapittel 6, og vi tilrår difor i denne samanhengen at det nye kapitlet blir nytt kapittel 6, medan noverande kapittel 6 blir nytt kapittel 7.

Med vennleg helsing



Harald Aass
fagdirektør


for Elin M Elverhøy
seniorrådgjevar